

VOS² 2012

LANDSSKYTTERSTEMNET

INNBYDING TIL LANDSSKYTTERSTEMNET 2012

Det er med stor glede me inviterer alle medlemmer av skyttarlag tilslutta DFS og personell i militære avdelingar, til Landsskyttarstemnet på Voss i tidsrommet 9.august til 17.august.

Familie, venner og kjente til deltakarane vert ynskte hjarteleg velkomne til ein folkefest i vest. All skyting vil føregå på Skjerve Skytebane. Den nye flotte arenaen er kompakt med korte avstandar mellom de ulike skyteøvingar. Skjerve skytebane har opparbeidt ny bane og parkeringsplassar i nær tilslutning til banen, samt stor arena og stort salsområde. Anlegget si utforming vil gi deltakararar og publikum gode opplevingar med stor nærliek til dei ulike øvingane.

Påmelding til Landsskyttarstemnet

All påmelding til Landsskyttarstemnet skjer gjennom DFS sine heimesider. Skytterkontoret sender i eige skriv informasjon om korleis skyttarlaa skal melde seg på. Påmeldingsfristen til Landsskyttarstevnet er 12. juni. For spørsmål om påmelding kontakt Skytterkontoret på firmapost@dfs.no.

Innkvartering

LS2012 har tidlegare sendt ut informasjon om innkvartering. I tillegg til offentlige campingplasser vert det etablert skyttarcampar i nær tilknyting til arenaen. Det er også mogeleg å leige hus, hytter og leiligheter. På vår nettside www.ls2012.no finn du ei god og oppdatert oversikt over tilboda. For spørsmål om innkvartering kontakt oss på post@ls2012.no.

Gåvepremiar

Eit rikhaldig premiebord er viktig for oss som tilskipar. For å oppfylle vår målsetning og skyttarane si forventning er vi avhengig av gåvepremiar frå skyttarlag og skyttarsamlag. Gåvepremiane hentar me frå lokale leverandørar. Me vonar at samlede skyttarlag og skyttarsamlag bidreg med gåvepremie i form av ein pengesum til stemnet på Voss. Meir informasjon om innbetaling av gåvepremiar etc. blir sendt i eige skriv.

Kva kan du oppleve på Voss og regionen under stemnet?

Voss er den vidaste kommunen i Hordaland. Det er den leiande staden for mange idrottsgreiner og ekstremsport. Bygda har 14.000 innbyggjarar. Kommunen ligg i innlandet, omkransa av ein ugløyymeleg natur og mange tradisjonar. Her ventar opplevingane på deg i lufta, i vatnet, på land og på matfatet. Besök gjerne www.visitvoss.no for meir informasjon.

Velkommen til Voss!

Venleg helsing

Jostein Bjørke
hovudkomiteiar LS2012

John Almeland
Voss Skyttarlag, leiar

HOVEDSPONSORER LS2012

FLAGE MASKIN A.S.
Vestlandsvegen 109
5700 VOSSE
TEL: 56 85 62 80 – FAX: 56 83 02 10
MOB: 46 40 79 70 – www.flagemaskin.no

BKK

Vekselbanken
Voss Veksel- og Landmåndsbank ASA